

Innspel frå elevar på

# **VOLDA LÆRINGSSENTER**

**til kommuneplanen sin samfunnsdel**



Volda kommune

05.02.2016

# Innleiing og metode

Som ein del av medverknadsopplegget knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel vart det hausten 2015 sett i gang eit prosjekt kalla "Folk i gata", med hovudmål å samle innspel til kommuneplanarbeidet. I samband med dette var det ynskjeleg å samle innspel frå elevar på Volda læringscenter. Flyktningar og innvandrarar er ein viktig del av befolkninga i Volda, og det var ynskjeleg å høyre deira tankar om utvikling i Volda kommune.

Torsdag 4. februar var det gjennomført eit undervisningsopplegg saman med 13 elevar frå læringscenteret. Elevane hadde forskjellige nasjonalitetar, og var i alderen 17-ca. 40 år. Elevane hadde også varierende norskkunnskapar, og det vart lagt vekt på munnleg kommunikasjon og visuelle framstillingar. Undervisningsopplegget tok to skuletimar, og det var planleggar frå kommunen som sto for gjennomføringa.

## Innhald

Kva er bra med å bu i Volda?	s. 3
Kva er ikkje bra med å bu i Volda?	s. 3
Kva er spesielt med Volda/kva ville du vist fram til besøk som aldri har vore i Volda før?	s. 4
Korleis kan vi ta vare på og utvikle gode idretts-, kultur- og fritidstilbod?	s. 4
Korleis kan innbyggjarar i Volda verte flinkare til å inkludere nytilflyttarar?	s. 4
Kva prosjekt i utviklingsplanen bør prioriterast?	s. 5
Benkar i Volda sentrum.	s. 6

## Kva er bra med å bu i Volda?

Vi kan fiske frå kaia.

Det er arbeidsplassar knytt til fiske her (oppdrettslaks).

Det er ein trygg by.

Snille og varme menneske.

Fin utsikt.

Det er korte avstandar, vi kan gå dit vi trenger.

Det er skisenter her.

Treningscenteret.

Moglegheit for å jogge rundt Årneset.

Biblioteket.

Kinoen, sjølv om det berre er visningar i helgene.

Sjukehuset.

Flyplassen.

Det er vidaregåande skule, ungdomsskule.

Norskopplæring.

## Kva er ikkje bra med å bu i Volda?

Det er få arbeidsplassar og vanskeleg å få jobb.

Det er ikkje tog her.

Folk er litt inadvendte.

Kjøpesenteret er ikkje stort nok.

Vi manglar ein butikk med elektriske artiklar, får ikkje kjøpt ladar til mobilen t.d.

Det er ingen butikk på Bratteberg.

Det er få parkar og leikeplassar. Få stader for vaksne og barn å vere ute.

Manglar ein grillplass ute.

Vi saknar at folk er ute i sentrum.

Det er få folk her (liten by).

Det er ikkje venterom på busstasjonen. Burde vore mogleg å sitte inne, under tak. Det er ikkje kjekt å sitte der å vente på bussen når det regnar.

Burde også vore venterom på Nylenda.

Eg treng ikkje berre norskopplæring, men også grunnskule.

Eg saknar å kunne drive med bryting, boksing el.

# Kva er spesielt med Volda/kva ville du vist fram til besøk som aldri har vore i Volda før?

Reint vatn.  
Frisk luft.  
Utsikt.  
Mykje fin utsikt.  
Årneset.  
Fotballstadion.  
Elvadalen.  
Gå tur rundt Rotevatnet.  
Dra på fisketur.  
Mate endene.  
Fjellturar til m.a. Rotsethornet og Melshornet.  
Sjukehuset.  
Volda museum/bygdetun.

## Korleis kan vi ta vare på og utvikle gode idretts-, kultur- og fritidstilbod?

Skulle hatt bokseklubb, bryting el.  
Meir frivillig arbeid.  
Dugnad.  
Alkoholfrie tilbod er viktig. Det er ikkje bra at ungdommar i alderen 20-25-30 år drikk for mykje alkohol, det burde vore fleire alternativ.

## Korleis kan innbyggjarane i Volda verte flinkare til å inkludere nyttilflyttarar?

Lån ein volding er nyttig. Det har eg vore med på og det er eit bra tilbod.  
Voldingar må vere meir utadvendte. Dei må tørre å snakke med flyktningar.  
Ha meir "opne hus", t.d. biblioteket, samfunnshuset ol. Fleire møteplassar der folk kan møtast.  
Voldingar må ikkje tru på alt dei seier i media. Ein må sjå enkeltpersonar, ikkje alle er like.

# Kva prosjekt i utviklingsplanen bør prioriterast?

(Sett ein stjerne ved dei to prosjekta du likar best)

Plassen ved Sørheimhuset/ etter (mellombels)



Hamnegata/ permanent



Elvdalen/etter (utan passasje under brua)



Visjonsbilete  
Sivert Aarflots plass/sommar



Visjonsbilete  
Snarvegen/ etter



Visjonsbilete  
Bak Hamnekvartalet/ etter



## Kunst som speglar den lokale identiteten

Kunst kan medverke til å synleggjere Volda sin identitet, både den som er historisk forankra og dagens. Kunstneren bør skapast av og vende seg til alle brukargrupper i Volda og medverke til auka forståing for ulike grupper i samfunnet.

### Kunst for og av alle

Kunst i det offentlege rom bør spegla heile samfunnet, og fleire grupper bør vere med på å dekorere det offentlege miljøet, til dømes born og innvandrargrupper. Dette kan hjelpe til slik at ulike grupper vert meir synlege og at ein får forståing for andre synsvinklar.

### Kunst som viser Volda si historie

Kunsten kan vere med på å vise Volda si historie og skildre den utviklinga som har vore i Volda og i samfunnet elles. Portrett og tolkingar av historiske personar og hendingar kan medvirke til å gjere historia levande i bygda.

### Studentar som kulturell ressurs

Høgskulen er ein viktig ressurs for Volda som kreativ «hub», og kunsten kan vere ein måte å gjere studentane sitt nærvar synleg og eksponere deira verdi for Volda.



Volda havn  
Illustrasjonsplan



# Benkar



## i Volda sentrum

- Benkar som står ute heile vinteren
- Benkar som blir sett ut i somarhalvåret
- Stolar


### Oppgåver:




Sett eit hjarte på din favorittbenk!



Sett eit blått klistremerke der du skulle ynskje det var ein benk!





▶ “Det burde vore sett ut benkar ved fergekaia. Eg er ofte her og fisker, og det kunne vore kjekt å hatt benkar her. Her er også veldig fin utsikt, så bankane ville sikkert vore brukt av folk som ikkje fisker også.”

▶ “Vi går ofte bort på moloen, det er rett ved Volda læringscenter. Her er det veldig fin utsikt utover fjorden. Fleire av oss er ikkje vant til sjø. Her er det veldig fint å vere.”

▶ “Eg skulle ynskje det var fleire benkar oppover i bakkane. Det er så tungt å gå heim igjen!”